

**Fra:** Aga, Geir E. (Geir.E.Aga@bomlo.kommune.no)

**Sendt:** 28.03.2017 08:36:00

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** 2015/10633 - Gjeld høyringsuttale frå BØMLO KOMMUNE - RTP

**Vedlegg:**

**Bømlo kommunestyre gjorde i sitt møte i sak PS 26/17 slik uttale til regional transportplan:**

1. Bømlo kommune legg til grunn at fylkeskommunen tek sitt avtalte økonomiske ansvar i Bømlopakken, også den utvida pakken som skal handsamast våren 2017.
2. Det må vere ein ambisjon at vedlikehaldsforfallet blir redusert i planperioden og at dette også skal gjelde den delen av fylkesvegnettet som ikkje har regional funksjon.
3. Bømlo er glad for at planen legg opp til å prioritere trygge skuleveggar, og særlege trafikksikringstiltak og at den legg opp til auka gange og sykling. «Nullvisjonen» for drepte og skadde i trafikken må haldast høgt.
4. Dagens ferjetilbod i sambandet Langevåg- Buavåg er eit minimumstilbod. Av omsyn til næringslivet er det viktig at både opningstid, frekvens og kapasitet minst blir lagt på dagens nivå.
5. Planen må ha klare føringar på snøggbåttilbodet i Sunnhordland si rolle med omsyn på å sikre gode snøggbåttilbodet internt i regionen og inn mot regionsenteret spesielt, men planen må også ha ambisjonar om vidareutvikle snøggbåttilbodet mellom regionen og Bergen/Flesland. Dette blir spesielt viktig når vi kan konstatere at realisering av ferjefri E 39 mest sannsynleg ikkje er realisert i planperioden.
6. Bømlo kommune er glad for at planen tydeleg peikar på trongen for å realisere Bømlo fiskerihamn. Sjølv om dette er eit statleg prosjekt legg Bømlo kommune til grunn at fylkeskommunen arbeider aktivt for å få realisert dette prosjektet.
7. Planen må ha klårare føringar på målet om universell utforming av alle terminalar og transportmidlar og overgangen mellom desse.

**Vedtaket var samrøystes.**